



(11) IVAR AASEN MEDLEY

Tekst:
FREDDIE LANGRIND
Folketone *

Etter flytting til Eid la eg ut på pilegrimsferd til Ivar Aasen-tunet i Ørsta, og skreiv etterpå eit lite skjemtevers om tøflane hans, lagt til ei Aasen-vise som har glimt i auget, «Gagnløysa». Etter kort tid kom heilt andre tankar inn, «Sjølvkjensla».

Am C E Am Dm Dm6

Sjå der er di - ne tøy - lar av lun og lod - den ull! Om slikt så veit eg meir enn dei

E Am Am C E Am Dm Dm6

4 fles - te:___ at ul - la kjem frå bøf - lar for ri - me - ri - ets skuld, at så - la gir po - e - ten sik - kert

E Am G Am Em Am7 F E Am C Em G

8 fes - te.___ På tøy - fel - tryg - ge føt - er skal eg la vi - ser fly, og folk skal sjå at gam - le skald - ar

E Am F Dm Dm6 E Am

12 lun - tar her på - ny, de`r tøy - lar som gjer - er det mes - te ge. ___

«Gagnløysa»

Sjå! der er dine tøflar av lun og lodden ull!
Om slikt så veit eg meir enn dei fleste;
at ulla kjem frå bøflar for rimeriets skuld,
at såla gir poeten sikkert feste.
På tøffel-trygge føter skal eg la viser fly,
og folk skal sjå at gamle skaldar luntar her påny,
d' er tøflar som gjerer det meste.

*

Til «Gagnløysa» nyttast gjerne ein folketone frå Hornindal. Alfred Maurstad skal ha gjeve melodien til sin ven Eivind Groven, som harmoniserte den. Serleg kjend er den til Arnulf Øverlands tekst: «Om kvelden når det mørkner»

«Sjølvkjensla»

Eg spinn meg nok ei vise i denne seine kveld,
det kom eit knippe ord forutan røter.
Då tenkte eg på skaldevis at saktens kan eg lell
sortere ting og tang på versføter.
Eg sat meg godt til rette og tok ein liten tår,
og motet vart så veldig og tanken vart så klår,
eg gjekk mitt livs nirvana rank i møte!

Dei fleste har sin kvardag og lever kvarmanns liv
sånn midt imellom slit og syndefallet.
Så sper dei på med draumar og alskens tidsfordriv
og trur at dei har nok av vett i skalle.
Men vi er berre få som med overskot av vett
kan løyse verdas gåter og problem med skravl og skvett
før vi går heim til bas og bysselalle.

Om sant og skitt skal seiast, og det er glatt min rett,
er eg ein ordets mann med takt og tone.
Kva andre finn umogleg tar eg på straksen lett,
og gir eit klårt proklama frå mi trone.
Eg står naturleg fram som den likaste blant menn,
men dette katastrofe-teikn held meg litt igjen:
Eg vil sjå passe dum ut med ei krone!